

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Hotell Alexandra i Loen

Dato: 26.-27. april, 2019

Påmelding:

Kommune	Medlemmar	Møtt	Varamedlemmar	Møtt
Dovre	Stian Brenden			
Lesja	Einar Utgaard	Ja	Marita Lindbom	
Lom	Eilev Hellekveen		Svanhild Lyngved	
Luster	Eli Merete Hansen Moen	Ja	Arne J Hauge	
Norddal	Jostein Taffjord	Ja	Mari Ruset-Moland	
Rauma	Ingunn Svelle Heinåli		Dagfinn Roald	Ja
Skjåk	Randi Rust	Ja	Stig Magnus Aaboen	
Stranda	Tor Hallgeir Hole	Ja	Elisabeth Opsvik	
Stryn	Johan Berge	Ja	Silje Åsnes Skarstein	
Vågå	Ketil Gutubø	Ja	Rita Danielsen Benrud	
FM-MR	Astrid Buset	Ja	Ola Betten	
Sekretær	Tor Taraldsrud	Ja		

Program:

Fredag 26. april

17:30 – 18:00 Rundstykker / kaffe / te
18:00 – 19:30 Møte villreinnemnda (møterom for minst 12 pers)
20:00 Middag

Laurdag 27. april

08:00 – 09:00 Frukost
09:00 – 10:30 Møte villreinnemnda (møterom for minst 12 pers)
10:30 – 11:00 Kaffi / te / frukt (i stort møterom)
11:00 – 13:00 Felles møte med villreinutvalet (i stort møterom)
12:00 – 13:00 Fagtema: (i stort møterom)
13:00 – 14:00 Lunch (felles med villreinutvalet)
14:00 – 15:00 Felles møte med villreinutvalet (i stort møterom forts.)
15:00 – 16:00 Møte villreinnemnda (møterom for minst 12 pers)

Innhald

1. Godkjenning og innkalling av sakliste	2
2. Årsmelding og rekneskap for 2018	2
3. Budsjet 2019.....	4
4. Val av ny nestleiar	7
5. Villreinnrådet - fagdag den 6. – 7. juni, Dombås	7
6. CWD-kartlegging	8
7. Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen lyser ut middel til villreintiltak	8
8. Kvote 2019 og tildeling av fellingsløyver	9
9. Framføring av Telenor sin nye fiberkabel for aust-vestforbindelse over Strynefjellet i Skjåk.....	12
10. Utfordringar med fare for samanblanding av villrein og tamrein på grensa mellom Lom og Skjåk – aktuelle tiltak?	14
11. Søknad om bygging av dagsturhytte ved Bispperget i Skjåk – Skjåk Turlag	18
12. Neste møte i nemnda	21
13. Eventuelt Kandidat til Villreinnrådet	21

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

2

Sakliste:

1. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Ingen merknader til innkalling og sakliste

Vedtak: Ingen merknader til innkalling og sakliste

2. Årsmelding og rekneskap for 2018

Møte

Nemnda hadde 3 møter i 2018. Årsmøtet var lagt til Dombås hotell siste helga i april. Deler av møtet var felles med villreinutvalet. Den 16. august hadde vi synfaring ved fangstanlegget på Verket ved Slådalsvegen (Lesja) med Brit Solli (Universitet i Oslo / Kulturhistorisk museum). Deretter hadde vi lunch og møte på Billingen seterpensjonat og avslutta dagen med synfaring ved Kolbeinsvatnet. Det siste møtet i nemnda hadde vi over to dagar i Loen frå 16.-17. november.

I løpet av vinteren vart all villrein i Nordfjella sone 1 avliva på grunn av skrantesjuka. For å sjekke om smitten var til stades i andre villreinområde, var det lagt opp til omfattande prøvetaking av CWD-prøver av all villrein eldre enn eit år som vart felt under jakt. I vårt område var det eit kvote på 1125 dyr - 450 kalv = 675 vaksne dyr. Det vart felt 555 vaksne dyr. Av desse vart det innsendt 515 CWD-prøver (alle negative). (Det var berre oppgjeve 391 dyr på sida til hjorteviltregisteret, mens på sida til Veterinærinstituttet var det oppgjeve 515 dyr).

Villreinnemnda bidrog med utdeling av prøveutstyr til alle 27 villreinvald i vårt område. Sidan prøveutstyret ikkje vart sendt til oss før i juli, fekk vi ikkje levert det ut i saman med villreinkorta. Villreinnemnda fekk 750 prøvesett. Utstyret vart pakka og fordelt på alle 27 vald den 9. juli. Stig Aaboen, Vidar Vange og Knut Granum var flinke til å bidra denne dagen.

Nemnda arrangerte infomøte om CWD på Fjellsenteret i Lom med Olav Strand frå NINA den 28. juni. Det var bra med folk, møterommet på Fjellsenteret var fullt.

Nemnda var representert ved Solveig Gråberg, Randi Rust, Johan Berge, Eilev Hellekveen, Tor Hallgeir Hole, Einar Utgard og sekretær under fagdag i regi av villreintrådet på Geilo i starten av juni. Villreintrådet er ein frivillig organisasjon for villreinnemnder og villreinutval. Solveig Gråberg er vald inn som 1. vara til styret i villreintrådet.

Sekretær deltok på oppsynsmøte saman med villreinutvalet før jakta, leiar deltok på evalueringsmøte for utval og oppsyn etter jakta.

Saker

Nemnda handsama 33 saker (inkludert referatsaker) i løpet av 2018.

Sekretariatet

Sekretariatet for villreinnemnda har frå 01.01.2009 kjøpt teneste av Skjåk kommune. Kjøp av tenester er heimla i kontrakt inngått mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Skjåk kommune. Frå 2016 er det inngått ny kontrakt mellom Skjåk kommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal, innhaldet er stort sett som tidlegare.

Villreinområdet gjennom året

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

3

Bruken av arealet innan villreinområdet er den største utfordringa gjennom året. Villreinen er arealkrevjande og sårbar for forstyrring. I fleire saker er det viktig å bidra til å minimere konsekvensane av ulike inngrep. Leveområda er kontinuerleg pressa frå fleire hald.

Økonomi

Nemnda vart løyvd kr 450.000,- frå Miljødirektoratet i 2018. I tillegg hadde vi fått eit forskot på kr 90.156,- til sekretærarbeid i 2018. Reelt hadde vi altså kr 540.156,- til disposisjon i 2018.

Midla blir overført Fylkesmannen i Møre og Romsdal, som fører rekneskap for villreinnemnda. Alle rekningar og krav blir sendt fylkesmannen via sekretariatet for påteikning. Nemnda har dei siste par åra redusert aktiviteten for å halde seg innanfor dei økonomiske rammene vi har fått. I 2018 vart utgiftene til drift noko mindre enn tildelinga, resterande beløp (kr 40.555,-) vart overført til Skjåk kommune som forskot på sekretærarbeid i 2019. Overskotet kjem ikkje fram i rekneskapet for 2018, men i budsjettet for 2019. Villreinnemnda får berre middel til drift eit og eit år. Rekningar som det ikkje er dekning for blir derfor utbetalt fyrst året etter).

Tabell 1 – rekneskap 2018

Konto	Info	Inntekter
		Regn 2018
235	Rame frå Miljødirektoratet	kr 450 000

Konto	Info	Kostnader
5300	Løn og godtgjersle styre, råd og utvalg	kr 149 702
5330	Honorarer	
5400	Arbeidsgiveravgift	kr 21 712
5990	Annen personalkostnad	kr 290
	Ekstrakostnader leiar	
5	Sum løn og godtgjersle	kr 171 704
6790	Tenestekjøp sekretær 2018	kr 109 445
6790	Tenestekjøp sekretær forskot 2019	kr 40 555
6790	Stempling kontrollkort - villreinutvalet	kr 5 000
6790	Utsending av CWD-prøver (villreinutvalet)	kr 7 500
6790	Beverting (utsending av CWD-prøver og besøksstrategi Reinheimen)	kr 1 352
6820	Trykksaker	kr 780
6830	Annonser	kr 1 560
6860	Møter eksterne	kr 52 116
6880	Kurs og seminarer for eksterne deltakarar	kr 9 488
6940	Porto	kr 381
6	Tenester	kr 228 177
7100	Bilgodtgjering, oppgavepliktig	kr 36 876
7130	Reisekostnad, oppgavepliktig	kr 50
7132	Reisekostnad, ikkje oppgavepliktig	kr 1 012
7150	Diettkostnad, oppgavepliktig	kr 4 756
7400	Kontingent villreinrådet 2017 og 2018	kr 7 132
7	Reise	kr 49 826
	Sum	kr 449 707
	Resultat	kr 293

Innstilling: Årsmelding og rekneskap - godkjent.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

4

Vedtak: Årsmelding og rekneskap - godkjent.

3. Budsjett 2019

Nemnda har motteke kr 450.000,- til drift i 2019. I fjor vart det utbetalt kr 40 555,- i forskot på sekretærfunksjon for 2019. I 2017 vart det utbetalt kr 90 156,- i forskot på sekretærfunksjon for 2018, dette vart ikkje brukt. Reelt har derfor nemnda kr 571.257,- til sitt arbeid.

Den kritiske faktoren for nemnda sin økonomi er talet på møte. Nemnda meiner at skal vi klare å oppfylle den rolle som det er skissert at nemnda skal ha, bør det avviklast tre-fire møte i året og i tillegg møte i arbeidsutvalet ved behov. Dei siste åra har vi arrangert nokre færre møte, men i 2018 var møteaktiviteten betre. I 2019 bør vi også få til tilsvarende møteaktivitet som i 2018. Nemnda ynskjer å vere aktiv i forhold til arealplanlegginga i den enkelte kommune. Nemnda vil og vere aktiv overfor villreinutvalet og avviklar også i dag mange møte i året saman med dei.

Ein del av møta i nemnda bør vera med overnatting. Det gjer at nemnda kan kombinere møteverksemda med synfaringar noko som er svært nyttig. Villreinområdet er stort og det er vanskeleg å ha oversikt, derfor er det nytting med synfaringar for medlemmane. Det gjer og at ein kan leggje opp synfaringar som inkluderer saker som skal bli behandla.

I 2019 legg vi opp til at alle medlemmane i nemnda kan delta på fagdagen på Dombås i juni. Det er vidare lagt opp til to dagmøte, eit i august og eit seinare på hausten (sept/okt/nov).

I haust skal det bli teke CWD-prøve av all villrein som er eit år og eldre. Villreinnemnda har ansvar for bestilling og utdeling av prøvetakingsutstyr til jegerane. Det blir ein del ekstra arbeid/møte med CWD-kartlegging slik som det var i 2018. Det er derfor budsjettert med 50 timar ekstra på sekretær.

Tabell 2 – budsjett 2019

Inntekter			Sum		Merknad
Forskottering sekretærarbeid frå 2017 (ikkje brukt)			kr 90 156		
Forskottering sekretærarbeid frå 2018			kr 40 555		
Utgifter i 2018, ført i 2019			-kr 9 454		
Miljødirektoratet			kr 450 000		
Sum middel til disposisjon i 2019			kr 571 257		
Kostnader	Delsum	Antall	Sum	Noter	
Møtegodtgjersle årsmøte	kr 54 646	1	kr 54 646	1	8 timar
Mat og overnatting årsmøte	kr 1 675	11	kr 18 425		
Køregodtgjersle årsmøte	kr 9 900	1	kr 9 900		kr 900 pr pers (11 pers).
Møtegodtgjersle fagdag villreinnrådet	kr 54 646	1	kr 54 646	4	
Mat og overnatting fagdag villreinnrådet	kr 2 500	11	kr 27 500		
Køregodtgjersle fagdag villreinnrådet	kr 9 900	1	kr 9 900		kr 900 pr pers (11 pers).
Møtegodtgjersle dagmøte	kr 35 890	1	kr 35 890	2	Dagmøte i august

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

5

Mat dagsmøte	kr 6 240	1	kr 6 240	5	
Køregodtgjersle dagmøte	kr 9 900	1	kr 9 900		kr 900 pr pers (11 pers).
Møtegodtgjersle to-dagarsmøte	kr 54 646	1	kr 54 646	1	To-dagarsmøte i sept/okt/nov
Mat og overnatting to-dagarsmøte	kr 1 675	11	kr 18 425		Kostnader som for årsmøte
Køregodtgjersle to-dagarsmøte	kr 9 900	1	kr 9 900		kr 900 pr pers (11 pers).
Deltaking på andre møte der medlem møtar på vegne av nemnda	kr 450.00	16	kr 7 200		2 møte x 4 timer x 2 medlem
CWD-kartlegging			kr 42 703		Informasjon til jegerar, utsending av utstyr, leige av møtelokale til infomøte, bevertning, innleige av bistand frå villreinutvalet for pakking av utstyr
Stempling og utsending av kontrollkort - villreinutvalet			kr 5 000		
Innleige guide / foredragshaldar			kr 10 000		
Ekstrakostnader leiar	kr 10 000	1	kr 10 000		Førebuing møte, oppfølging av ein del saker
Kontingentar	kr 4 000	2	kr 4 000		Villreinnrådet kr 4000
Tidsskrift	kr 1 000	1	kr 1 000		Villreinen kr 1000
Uforutsett			kr 0		
Sekretariatskostnader	kr 431.00	250	kr 107 750	7	431 kr/time jf kontrakt. Har ført opp 50 timar ekstra pga av noko meir møteaktivitet og oppfylging av CWD-kartlegging
Sekretariatskostnader ekstra arkivarbeid	kr 431.00	52.5	kr 22 628		Nytt arkivsystem frå 2017 hjå Miljødirektoratet. Har ikkje fungert optimalt, arkivet i dag ligg hjå Skjåk kommune, aktuelt med overføring? Truleg arbeid noko over ei veke om vi har ressursar til det?
Ekstra kostnader leiar			kr 15 000		
Arbeidsgivaravgift	kr 217 028	14.10 %	kr 30 601		14,1% av møtegodtgjersle
SUM			kr 565 899		
Underskot / Overskot			kr 5 358		

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

6

Tabell 3: Noter

		Tal på medl.	Timar	Sats kr/t	Sum	Sum	
1	Møtegodtgjersle medlemmar	8	8	463	29632		VO omfattar 10 kommunar med 10 representantar. Desse skal ha møtegodtgjersle etter statens satsar. Årsmøte ca 8 timar. Medlemmane har og rett på dekking av tid brukt til førebuing. Leiar i nemnda brukar ekstra tid utover dette. I tillegg kan det bli utbetalt tapt arbeidsforteneste.
	Møtegodtgjersle medlemmar (selvst. n.d.)	2	8	1274	20384		
	Førebuing	10	1	463	4630		
	Kostnad pr møte					54646	
		Tal på medl.	Timar	Sats kr/t	Sum	Sum	
2	Møtegodtgjersle medlemmar	8	5	463	18520		Dagsmøte ca 5 timar
	Møtegodtgjersle medlemmar (selvst. n.d.)	2	5	1274	12740		
	Førebuing	10	1	463	4630		
	Kostnad pr møte					35890	
		Tal på medl.	Timar	Sats kr/t	Sum	Sum	
3	Møtegodtgjersle medlemmar	2	4	463	3704		Møte i arbeidsutvalet ein gong i året, 3 medlemmar + sekretær
	Møtegodtgjersle medlemmar (selvst. n.d.)	1	4	1274	5096		
	Førebuing	3	1	463	1389		
	Kostnad pr møte					10189	
		Tal på medl.	Timar	Sats kr/t	Sum	Sum	
4	Møtegodtgjersle medlemmar	8	8	463	29632		Fagdag villreinrådet, 10 medl + sekr
	Møtegodtgjersle medlemmar (selvst. n.d.)	2	8	1274	20384		
	Førebuing	10	1	463	4630		
	Kostnad pr møte					54646	
		Frukost	Lunch	Middag	Sum	Sum	
5	Møteservering utan overnatting (heile nemnda)		234	390	624	6240	Servering til 10 medl + sekr (refusjon av 10 % mva)
		Frukost	Lunch	Middag	Sum	Sum	
6	Møteservering utan overnatting (AU-møte)		234		234	851	Servering til 3 medl + sekr (refusjon av 10 % mva)
			Timar	Sats kr/t	Sum		
7	Avtale mellom FMMR og Skjåk kommune		200	431	86200		Alle kostnadar med gjennomføringa av oppdraget (husleige, kontorhald, telefon/IT osv.) er inkludert i timeprisen. Naudsynte reiseutgifter blir dekt etter statens satsar utanom den fastsette økonomiske ramme etter forhandsgodkjenning av villreinnemndas leiar. Andre utlegg blir berre dekt i den grad dei er avtalt.

Innstilling:

Legge opp til eit budsjett som er i balanse.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

7

Vedtak: Endra kostnadene på to-dagersmøte i sept/okt/nov (her var det budsjettert med kostnad for eit dagmøte). Fjerna dagmøte i samband med CWD-møte.
Legge inn ekstrakostnader for leiar – kr 15000,-
Auke ekstra sekretariatskostnader med arkivarbeid frå fem til sju dagar.
Legge opp til eit budsjett som er i balanse.

4. Val av ny nestleiar

Solveig Gråberg gjekk bort den 11. april i år. Ho har vore nestleiar i villreinnemnda sidan 2008.

Villreinnemnda må velje ein ny nestleiar.

Innstilling:

Vedtak: Forslag Randi Rust, ble einstemmig vald.

5. Villreinrådet - fagdag den 6. – 7. juni, Dombås

Saksa frå invitasjon: *Samlingen avholdes på Dombås hotell. Årets fagdag er den 6. i rekken. Program:*

<https://static1.squarespace.com/static/530364efe4b0c37a4004ec79/t/5ca60ff40d9297d66d2facc4/1554386934108/Program+landsmote+Villreinraadet+2019.pdf>

Fagdagen er åpen for alle. For villreinnemnder og – utvalg vil det være et eget landsmøte i forkant av fagdagen. Vedlagt ligger program for samlingen.

I år har styret valgt å blant annet legge vekt på de svært dagsaktuelle sakene som nasjonal ramme for vindkraft og CWD (skrantesykebekjempelse). I tillegg har styret for første gang utarbeidet et eget temahefte. Temaheftet samler artikler rundt arkeologi og forminner knyttet til villrein. Dermed er det naturlig å også høre om gammel villreinfangst, og på ettermiddagen den 6. juni drar vi dermed med buss til massefangstanlegget på «Verket». Vi får god orientering både før turen, i bussen og på stedet.

Total kostnad (inkludert fullpensjon, tre-retters middag m. to glas vin, to lunsj, busstur og møtemat) kommer på 2 500,-. Pris for dagpakke har vi fått til 495,-. Det er også mulig å få dagpakke samt middag, men uten overnatting.

Påmelding er til meg (e-post, evt. telefon) og påmeldingsfrist settes til 16. mai. Jeg trenger navn, tlf. nummer og e-postadresse til alle påmeldte. Er det noen spesielle mathensyn som må tas, så si ifra om det

Innstilling: Sidan fagdagen skjer i «vårt område» kan vi opne for at alle medlemmane kan delta (gjeld ikkje vara).

Vedtak: Sidan fagdagen skjer i «vårt område» kan vi opne for at alle medlemmane kan delta. Tilbakemelding til sekretær seinast innan 10. mai. Vara blir invitert om medlem ikkje kan stille.

Ketil Gutubø er allereie påmeldt.

Einar Utgard blir med, men utan overnatting (2x dagpakke)

Randi Rust

Eli H Moen (kanskje)

Dagfinn Roald om fast repr ikkje deltar.

Johan Berge (usikkert?)

6. CWD-kartlegging

I haust skal det bli teke CWD-prøve av all villrein felt under jakt som er eit år og eldre, på same vis som i 2018. Villreinnemnda har ansvar for bestilling og utdeling av prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som skal levere det vidare til jegerane. Det kan vera aktuelt å arrangere eit informasjonsmøte slik som i fjor. NINA ynskjer å stille på så mange informasjonsmøter som mogleg, men om dei må prioritere, drar dei til område dei ikkje har vore før.

Innstilling: Bestille og dele ut prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som fordelar vidare til jegerar. Vurdere om det er naudsynt med informasjonsmøte og evt plassering av eit slikt møte.

Vedtak: Bestille og dele ut prøvetakingsutstyr til valdansvarleg representant som fordelar vidare til jegerar. Vurdere om det er naudsynt med informasjonsmøte og evt plassering av eit slikt møte. Naturleg at vi prøver å få til eit CWD-møte ein annan plass enn i fjor, Lesja er aktuelt. Evt samarbeid med Snøhetta.

7. Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen lyser ut middel til villreintiltak

Villreinnemnda har kr 212.534,- til utdeling i 2019

Villreinnemnda lyser ut middel til villreintiltak med søknadsfrist 15.06.19.

Tilskot til villreintiltak er innbetalte fellingsavgifter for villreinjakt som blir ført tilbake til det einskilde villreinområde. Middel kan bli brukt til tiltak som:

1. Styrker forvaltninga av villreinstamma.
2. Styrker kunnskapen om villreinen sin arealbruk i både nåtid og fortid.
3. Fremmar befolkninga sin forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda. Søknad skal innehalde målsetting og beskriving av tiltaket, budsjett (kostnadar og finansiering) og tidsramme for gjennomføring, namn og kontonummer til søker.

Send søknaden til:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Moavegen 30

2690 Skjåk

tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Innstilling: Pressemeldinga over blir sendt ut til: Alle kommunar innan villreinområdet, Fjuken, GD, Vigga, Fjordingen, Norddalen, Sunnmøringen, Storfjordnytt, Åndalsnes avis, Sogn avis, Romsdals Budstikke, villreinen. Midla blir fordelt på neste møte i nemnda etter søknadsfristen.

Vedtak: Pressemeldinga over blir sendt ut til: Alle kommunar innan villreinområdet, Fjuken, GD, Vigga, Fjordingen, Norddalen, Sunnmøringen, Storfjordnytt, Åndalsnes avis, Sogn avis, Romsdals Budstikke, www.villreinen.no, www.porten.no. Midla blir fordelt på neste møte i nemnda etter søknadsfristen.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

9

8. Kvote 2019 og tildeling av fellingsløyver

Villreinnemnda vurderer kvotesøknad på bakgrunn av bestandsplan, teljing av vinterstamme og årleg kvotesøknad frå villreinutvalget. Det er søkt om 1000 fellingsløyver.

Nordområdet: Vinterstamma var i vinter 2032 mot 2266 i fjor (målsetting: 1800-2000). Kvoteforslag på nord er sett til 700 dyr.

Tabell 4

Nord		Gult = estimerte tal							
År	Vinter- teljing	Kvote	Total felling	Kalv	Bukker 1 år +	Andel bukker (%)	Simler 1 år +	Netto bestands- tilvekst (%)	Fellings- prosent
2007	1760	909	507	148	162	45 %	197	28.1 %	56 %
2008	1748	722	479	137	171	50 %	171	21.6 %	66 %
2009	1647	648	444	138	173	57 %	133	30.1 %	69 %
2010	1698	649	456	149	170	55 %	137	24.4 %	70 %
2011	1657	605	356	119	131	55 %	106	34.9 %	59 %
2012	1880	700	373	100	155	57 %	118	19.3 %	53 %
2013	1870	675	472	153	165	52 %	154	32.5 %	70 %
2014	2005	700	517	168	182	52 %	167	25.5 %	74 %
2015	2000	700	374	111	114	43 %	149	23.6 %	53 %
2016	2098	725	512	153	191	53 %	168	16.9 %	71 %
2017	1941	675	368	88	153	55 %	127	35.7 %	55 %
2018	2266	900	663	229	224	52 %	210	18.9 %	74 %
2019	2032	700	448					Snitt	64 %

Sørområdet: Vinterstamma var i vinter 915 mot 780 i fjor (målsetting: 700-800). På sørøst var den stabil, medan på sørvest var det ei auke på 150 dyr (frå 230 til 380). Årsaka til auka kan vera underestimert i 2018, innvandring frå Reinheimen eller innvandring frå Vest-Jotunheimen. Kvoteforslag på sør er sett til 300 dyr.

Tabell 5

Sør		Gult = estimerte tal							
År	Vinter- teljing	Kvote	Total felling	Kalv	Bukker 1 år +	Andel bukker (%)	Simler 1 år +	Netto bestands- tilvekst (%)	Fellings- prosent
2007	650	171	153	55	51	52 %	47	22.8 %	89 %
2008	645	164	132	46	44	51 %	42	34.4 %	80 %
2009	735	180	166	55	65	59 %	46	26.5 %	92 %
2010	764	210	183	69	66	58 %	48	33.1 %	87 %
2011	834	275	215	78	72	53 %	65	27.1 %	78 %
2012	845	300	155	51	49	47 %	55	24.3 %	52 %
2013	895	350	273	96	81	46 %	96	23.5 %	78 %
2014	832	300	236	78	77	49 %	81	23.3 %	79 %
2015	790	275	182	52	64	49 %	66	22.2 %	66 %
2016	783	200	156	53	50	49 %	53	26.2 %	78 %
2017	832	250	213	73	69	49 %	71	19.4 %	85 %
2018	780	225	179	58	62	51 %	59	40.3 %	80 %
2019	915	300	237					Snitt	79 %

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

10

Saksa frå møtet til villreinutvalet 28. feb 2019:

Sak 3/2019 Kvoter og Avskytingssplan:

Sekretæren orienterte om årets telling, der det ble funnet 2032 dyr i Reinheimen og 915 dyr i Breheimen (535 dyr i SØ og 380 dyr SV). Stammen viser en betydelig økning i sør-vest, fra 230 registrerte dyr i 2018 til 380 dyr i 2019. Økningen kan skyldes flere faktorer:

- Ikke funnet alle dyr i området i 2018. Etter tellingen i 2018 ble det oppdaget en flokk (40-50 dyr?) i Raudalsområdet som ikke var registrert i tellingen. Dette kan forklare noe av økningen.
- Innvandring fra Reinheimen. Høsten 2018 oppholdt det seg en liten reinsflokk (35dyr+) i munningen av Tordalen ved Billingen. Denne flokken kan i løpet av seinhøsten/vinteren ha krysset over dalen til sør-vest. Årets telling registrerte ingen dyr i dette området – og styrker teorien om at dyrene har krysset over til sør-vest.
- Innvandring fra Vest-Jotunheimen. Denne teorien er vel den minst sannsynlige, men kan ikke avvises helt. Kom bla. ca 80 dyr fra Vest-Jotunheimen i 2008.

Usikkerheten om dyrene blir værende på sør-vestområdet kommende jakt ble diskutert på møtet. Villreinutvalget la seg på «føre var prinsippet» og vedtok et forsiktig uttak av stammen, med kvoteforslag på 125 og ca 110 felte dyr. I tillegg var det enighet om muligheten av å åpne for jakt på Skjåk nord-vestområde, hvis en del dyr trakk nordover og inn i dette området av Reinheimen. Samtidig ønsker en å reetablere dyr i dette nord-vestområdet, så eventuell jakt her må bli begrenset. Stammen vil bli forsøkt overvåket sommeren 2019.

På bakgrunn av årets telling vedtok villreinutvalget følgende:

Kvoteforslag til årsmøtet:

Reinheimen: 700 fellingsløy. (inkl. 13 oppsynskort) /Oppland 85 %- Møre og R. 15 %

Breheimen: 300 " (inkl. 8 ") /Skjåk 75 %- Luster 18 %- Stryn 7 %

Tot: 1000 fellingsløyver (kort)inkl 21 oppsynskort

<i>Kortfordeling:</i>	<i>Reinheimen</i>	<i>Breheimen</i>
<i>Kalv</i>	<i>40 %</i>	<i>40 %</i>
<i>Fritt</i>	<i>25 %</i>	<i>25 %</i>
<i>Bukk u. 50 kg</i>	<i>5 %</i>	<i>5 %</i>
<i>U 40/Simle</i>	<i>30 %</i>	<i>30 %</i>
<i>Sum</i>	<i>100 %</i>	<i>100 %</i>

Jakttid 2019: 20. august (første jakttdag) -14. september (siste jakttdag).

Dette notereferat fungerer som en forelopig kvotesøknad, kvotefordeling og jakttid med mer til villreinnemnda, i påvente av behandling på kommende årsmøte!

AVTALE OM DELVIS ÅPENT JAKTOMRÅDE I REINHEIMEN:

Gjelder følgende tirsdager onsdager og torsdager: 27.-29. august og 3-5. september. I denne perioden er kort stemplet Fellesområdet Finndalen gyldig i både Skjåk- og Lesjaområder. Kort stemplet Lesja-Reinheimen eller Skjåk Reinheimen er i samme periode gyldige i Finndalsområdet. NB. Lesja og Skjåk har ikke slike gjensidige avtaler. (Ikke «Skjåk-jegere» i Lesja – og omvendt)

Unge jegere (20 år og yngre) får jakte i hele det åpne Reinheimen-området hele jakten! NB!

UNNTATT FRA ÅPENT JAKTOMRÅDE : Områdene i Norddal, Stranda og Rauma.

Fellessområdet omfatter kommunene Vågå, Lom og de delene av Skjåk og Lesja som ligger øst for følgende grense: Tora elv fra Billingen gjennom Tordalen til Tverrae opp til Torsvatnet og østover langs Spongje til tjern (1553 moh Lesja). Videre en linje østover i Lesja, over Digerkampen og forbi Søre Grønvatnet og videre langs Veslgrona til Grøndalen.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

11

Tabell 6: Fordeling av ulike kategoriar kort:

Korttype	2014		2015		2016		2017		2018		2019	
	NORD	SØR	NORD	SØR	NORD	SØR	NORD	SØR	NORD	SØR	NORD	SØR
Kalv	40 %	40 %	40 %	40 %	40 %	40 %	40 %	40 %	40 %	40 %	40 %	40 %
Simle / Bukk u. 40 kg	25 %	25 %	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %	30 %
Bukk u. 50 kg	10 %	10 %	5 %	5 %	5 %	5 %	5 %	5 %	5 %	5 %	5 %	5 %
Fritt dyr	25 %	25 %	25 %	25 %	25 %	25 %	25 %	25 %	25 %	25 %	25 %	25 %

Tabell 7: Fordeling av kort mellom valda.

	Kvotandel	Fordeling
Oppland	85 %	Fordeling iht areal mellom valda innan Oppland
Rauma	8 %	Fordeling iht areal innan Rauma
Norddal	5,5 %	Fordeling iht areal innan Norddal
Stranda	1,5 %	Fordeling iht areal innan Stranda
Sum	100 %	
Skjåk	75 %	Eit vald
Stryn	7 %	Eit vald
Luster	18 %	Eit vald
Sum	100 %	

I følge bestandsplanen kan det bli sett av nokre oppsynskort. For 2019 blir det sett av 13 oppsynskort på nordområdet og 8 på sørområdet. Desse blir teke frå totalkvota og belastar derfor kvart vald likt.

Innstilling: Nemnda har fastsett ei samla kvote for heile villreinområdet til 1000 dyr for 2019, fordelt på 300 dyr på sørområdet og 700 dyr på nordområdet. Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyver som valfrie dyr. Fordeling av villreinkort på ulike kategoriar skal vere som i tabell 6. Fordeling av villreinkort på ulike vald slik det går fram av tabell 7 jf bestandsplan.

Vedtak: Nemnda har fastsett ei samla kvote for heile villreinområdet til 1000 dyr for 2019, fordelt på 300 dyr på sørområdet og 700 dyr på nordområdet. Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyver som valfrie dyr. Fordeling av villreinkort på ulike kategoriar skal vere som i tabell 6. Fordeling av villreinkort på ulike vald slik det går fram av tabell 7 jf bestandsplan. Bestanden vil i følge berekningar vera like i overkant av 2000 dyr etter jakta på nordområdet. Det er ynskjeleg at ein legg opp til ei avskyting med mål om å ligge mellom 1800 og 2000 dyr i vinterflokk.

9. Framføring av Telenor sin nye fiberkabel for aust-vestforbindelse over Strynefjellet i Skjåk

Relacom søker på vegne av Telenor om løyve til graving, nedlegging av rør og oppsetting av stolpekurs frå:

- Telenor sin eksisterande stolpekurs på austsida av Hamsevikje til Telenor si mobilmast ved innkøyring til Oppljostunnelen
- Frå eksisterande stolpekurs til mobilmast ved Breidablikk
- Frå eksisterande telesentral til eksisterande stolpekurs på Nysætre (dette er berre prat om fem meter)
- Stolpekurs langs med Rv 15 (ikkje gml Geirangerveg- endra).

Søknaden er limt inn under. Detaljert kart blir synt under møtet, oversiktskart under.

Søknad om tillatelse til graving og oppsetting av stolpekurs på Skjåk Almanning og Skjåk kommune sitt område

I forbindelse med fremføring av Telenors fiberkabel for øst-vest forbindelse over Strynefjellet, søker vi herved om tillatelse til graving og nedlegging av rør, og om tillatelse til oppsetting av stolpekurs på Skjåk Almanning og Skjåk kommune sitt område fra eksisterende stolpekurs fra Telenor ved Hamsevikje frem til Telenors mobilmast ved innkjørsel til Oppljostunnelen, fra eksisterende stolpekurs til mobilmast ved Breidablikk, samt fra eksisterende telesentral til eksisterende stolpekurs på Nysætre, i Skjåk kommune. De omsøkte stedene er merket på vedlagte kart.

Angående planlagt trasé for stolpekurs som er planlagt lagt langs Gamle Geirangerveg. Jfr. inntegnet trasé på kart, så er denne tegnet som en rett linje, men endelig trasé må avgjøres ved utstikking av stolper for tilpassing av terreng og veg. Planlagt trasé for graving må tilpasses terreng og veg, og eksisterende elementer i bakken må hensynstas. Kartene gir en pekepinn på hvor traséen blir lagt, endelig trasé blir GPS-innmålt. Graving ved Hamsevikje vil medføre fjerning av eksisterende stolper og kabel markert på kart, noen av disse stolpene står i vann og er i dårlig forfatning. Fjerning av disse vil være en estetisk forbedring av området.

Gravingen og oppsetting av stolpekurs er tenkt utført så snart som mulig etter at tillatelse er gitt av dere, med signerte grunnrettsavtaler. Vi tar sikte på å være ferdige innen årsskifte, men usikkerhet mtp. værforhold kan føre til at anlegget må ferdigstilles sommeren 2019. Etter endt arbeid vil berørte areal vil bli tilbakeført til opprinnelig stand.

Dersom det er ønskelig med befarig på stedet kan undertegnede kontaktes på 47644837.

Tillatelsen returneres trine.trostaker@no.relacom.com eller Relacom, Dahlemoen 21, 2670 Otta. Håper på rask og positiv avgjørelse.



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

13

I reguleringsplan for Breidablikk hyttefelt er det bestemt at nye kablar skal bli grave ned i bakken (altså ikkje luftspenn). Dette gjeld for delar av den nye traseen.

NINA Rapport 643 «Villreinen i Ottadalen brukar omgrepet fokusområde om geografiske område der det i større eller mindre grad kan vera brukarkonfliktar med ulik problematikk knytt til reinens behov. Traseen til den nye fiberkabelen går igjennom fokusområde **4 Grotli – Breiddalen**: (Oppsummering saksa frå Regional plan for Ottadalsområdet):

Dette er eit område som villreinen i dag brukar hovudsakleg i sommararbeiteperioden frå april til slutten av oktober. Enkelte år er det også kalving nær vegen i Breiddalen mot Langvasskrysset. Området er viktig som ein korridor for utveksling av dyr mellom nord- og sørområdet (saman med fokusområde 7).

Dette området har vore utsett for stor menneskeleg påverknad. Rv 15 gjennom Breiddalen er heilårsveg med aukande trafikk. Breiddalsvatnet er regulert. Det vil vere over 300 hytter i området når regulerte hyttefelt er ferdig utbygde. Ved Grotli Høgfjellshotell er det skitrekk og mykje brukte skiområde både nordover og sørover.

På lang sikt er særleg villreinen i Breheimen avhengig av utveksling med andre villreinstammar for å unngå innavl. Slik forhalda er i dag er trekket på tvers av Breiddalen den einaste utvekslingskorridoren for villrein mellom Reinheimen og Breheimen. Det er derfor viktig at dette trekkområdet blir teke godt vare på for villrein.

Når det gjeld omsyn til villrein er det truleg anleggsarbeidet som i størst grad kan påverke. Anleggsarbeidet bør bli lagt til etter kalvingsperioden er over (etter 15. juni). Villrein er mest robust seinsommar og haust. Vinterstid bør ein også unngå unødig forstyrning i dette området.

Det er usikkert om stolpekurs og kablar i luftspenn vil vere ei utfordring for villrein. I nokre områder blir det hevda at villrein ser ut til å vegre seg for å krysse under kraftledningar. Hypotesen vart testa i Reinheimen når kraftledningen frå Framruste i Skjåk via Honnsjoen og Finndalen til Vågåmo vart opprusta frå 66 kV til 132 kV i 2004, jf «Villrein og kraftledningar» i Villreinen 2009 av Egil Reimers, biologisk institutt, Universitetet i Oslo. Det vart ikkje påvist negativ effekt på villreinen sin arealbruk frå denne kraftledningen. Det er tvilsamt om ein mindre fiberkabel i luftspenn vil ha negativ effekt på villrein isolert sett, men saman med andre kablar og veg kan sumeffekten bli negativ for villrein. I eit føre-var perspektiv vil det derfor vera best om nye kablar i dette området blir lagt i bakken.

Innstilling: Anleggsarbeidet bør ikkje starte før etter 15. juni og bør vera avslutta før vinteren. Det er ynskjeleg at nye kablar blir lagt i bakken i eit føre-var perspektiv.

Vedtak: I eit føre-var perspektiv, samt § 11 og 12 i naturmangfaldloven skal nye kablar bli lagt i bakken igjennom det viktigaste utvekslings-/trekkområdet mellom Reinheimen og Breheimen. Anleggsarbeidet bør ikkje starte før etter 15. juni og bør vera avslutta før vinteren.

10. Utfordringar med fare for samanblanding av villrein og tamrein på grensa mellom Lom og Skjåk – aktuelle tiltak?

E-postande under syner utfordringar forvaltninga har med fare for samanblanding av tamrein og villrein på grensa mellom Lom og Skjåk. Villrein og tamrein har overlappande arealbruk i rom, men i liten grad i tid. Men på våren i månadsskiftet mars-april kan både villrein (bukkar) og tamrein vere i nærleiken av kvarandre. Det skjer om tamrein er i vinterbeitet i Lomseggområdet samstundes med at villrein trekker mot sommarbeite i Bøverdalsområdet. Tamrein i Lom blir normalt fløtt vekk frå vinterbeiteområdet i starten av april. Om dei blir fløtt noko tidlegare vil risiko for samanblanding bli sterkt redusert, under føresetnad at trekk og arealbruk til villrein er slik den har vore dei siste åra.

Dialog med Lom tamreinlag er truleg det som skal til for å kunne gjennomføre tiltak. I konsesjonen til tamreinlaget er det ikkje skissert i kva tidsrom tamrein skal opphalde seg i vinterbeiteområdet ved Lomseggen. Det er nok mogleg å regulere det i ein konsesjon frå Landbruks- og matdepartementet, men truleg enklare å oppnå noko gjennom dialog med tamreinlaget.

Villreinnemnda fekk ein førespurnad frå Miljødirektoratet den 20. mars om vi hadde synspunkt til fylgjande e-post som dei hadde motteke frå Fylkesmannen i Trøndelag (reindriftsagronomen for Sør-Noreg er lokalisert hjå FM-Trøndelag):

Fra: Kvalshaug, Ole-Jakob <fmtlojk@fylkesmannen.no>

Sendt: onsdag 20. mars 2019 09:48

Til: Erik Lund <erik.lund@miljodir.no>

Kopi: Hansen, Helge <fmtlhha@fylkesmannen.no>

Emne: Hastesak - fare for sammenblanding av villrein i Lom Tamreinlag

Hei!

Vi har en sak som må prioriteres av FMTL og Miljødirektoratet.

Vi har fått varsel fra Lom Tamreinlag om at de har et 20-tall villreinbukk på sine vinterbeiter på Lomseggen. Det er fare for sammenblanding noe som er uønsket både med hensyn til at driften av flokken blir vanskeligere og med hensyn til smittefare i disse CWD-tider.

Vi ser behovet for at tamreinlagene i samarbeid med SNO gis hjemmel til å skyte ut disse individene, for å unngå sammenblanding, og unngå at man skaper et naturlig trekk fra villreinområdene og inn i vinterbeiteområdene til Lom.

Vi i første omgang å få til en dialog med dere for å kartlegge hvilke tiltak man kan sette inn for å løse denne situasjonen, og hva man har hjemmel til å foreta seg.

For framtiden ser vi behovet for at Fylkesmannen og MD utarbeidet rutiner/ tiltakskort på slike hendelser.

Med vennlig hilsen

*Ole-Jakob Kvalshaug
seniorrådgiver*



Fylkesmannen i Trøndelag

Trööndelagen fylhkenåлма

Telefon: 73 19 93 91

Mobil: 952 69 263

E-post: fmtlojk@fylkesmannen.no

Web: www.fylkesmannen.no/tl

Sekretær for nemnda sendte fylgjande melding til Miljødirektoratet same dag:

"Bukkane på sør-austområdet trekker normalt sørover på vårparten. Det er ikkje uvanleg med trekk sørover i slutten av mars. Utskyting i denne perioden blir heilt feil.

Det som har vore spesielt i vinter er at eit 20-tals bukk har oppheldt seg rundt Skriduhaugan på sørsida i Lundadalen i deler av eller heile vinteren (normalt er dei på nordsida). Det er kanskje desse 20 som har bevege seg inn på Lomssida no? Dei fleste bukkane i sør-aust stammen vil truleg om kort tid bevege seg inn på Lomssida, eller i grenseområda mot Lomssida. Det er i denne perioden det er størst risiko for samanblanding. Lom Tamreinlag flytter som regel sine dyr vekk frå vinterbeiteområdet i starten av april? Om tamrein blir fløtt litt tidlegare er kanskje problemet løyst?

Villreinnemnd og utval har vore i kontakt med Lom fjellstyre tidlegare for å få til jakt på villrein på Lomssida i ordinær jakttid. Dette er utanom teljande areal for villrein og ville i så fall vore ei ordning som krev disp. Ynskjeleg å legge avskyting på dei dyra som trekker inn i Lom, slik det er no vil det bli noko seleksjon, dei dyra som oppheld seg i Lom blir jo ikkje jakta på. Lom fjellstyre som grunneigar vil «få noko att» for å helde sommarbeite til villrein. Kanskje avskyting i dette området vil redusere talet på dyr som trekker inn hit på våren? Uansett bør ein prøve andre virkemiddel før ein startar utskyting på våren.

Det beste tiltaket på kort sikt vil nok vera å flømme tamrein vekk frå vinterbeitet litt tidlegare enn dei har gjort dei siste åra.

Når det gjeld smittefare er det altså normalt med overlappande arealbruk, det er tid som gjer at ein unngår samanblanding. Det er derfor vanskeleg å sjå at utskyting av desse bukkane vil påverke risiko for smittefare? "

Meldinga vart fylgd opp same dag av MD v/Erik Lund med fylgjande e-post til FM-Trøndelag:

Direktoratet deler vurderingene til villreinnemnda om at felling av disse dyra er lite forenlig med den årvisse arealbruken til dyra i dette området. Tilsvarende at hensynet til smittefare i forhold til CWD synes lite relevant i forhold til periodevisse overlapp av leveområder til tam- og vill rein.

For å løse en eventuell akutt situasjonen kan det være aktuelt å gi tillatelse til å forsøke å jage de aktuelle bukkene vekk fra området. Det er kun direktoratet som kan gi slik tillatelse. Alternativt å starte flytting av tamreinflokken noe tidligere. En mer permanent løsning vil være i tråd med det som nemnda har skissert ovenfor, og legge til rette for felling under ordinær jakt.

Med hilsen

Erik Lund

Seniorrådgiver, viltseksjonen



Miljødirektoratet i Trondheim

Telefon: 03400 / 73 58 05 00

Mobil: 920 89 834

www.miljodirektoratet.no - www.miljostatus.no

Sekretær i nemnda fylgde opp med å syne til forvaltningsplan for Breheimen:

Ved konflikt mellom villrein og tamrein, der det er fare for samanblanding mellom stammene, må tamreinlaget og villreinutvalet ha ein tett dialog om gjennomføring av tiltak. Lokalt SNO må vere med å følgje opp i marka med bakgrunn i å sikre verneføremålet. Etter naturmangfaldlova § 15 er det heimeleg for å jage villrein frå området på ein slik måte at ein unngår blanding. Grunnføresetnaden må vera at «jaginga» i dette tilfelle skjer i samsvar med alminneleg dyrevelferd.

Tiltak for å ta vare på villrein

- I fagrapporten for villrein i Ottadalsområdet er det tilrådd å gjere granskingar om kvifor ein ikkje har lukkast tidlegare med å få villreinen tilbake i Luster sin del av villreinområdet. Dette bør gjerast før ein set inn konkrete tiltak. I 2009 sette Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i verk eit prosjekt i samarbeid med Universitetet for Natur og biovitenskap der ein skulle sjå på kva tiltak som kan gjerast for å få villreinen tilbake i Luster sin del av Breheimen. Ei lokal referansegruppe med deltakarar frå villreinnemnda og villreinutvalet i Reinheimen - Breheimen villreinområde var med i prosjektet. Bakgrunnen for prosjektet er at Luster sin del av Breheimen utgjør ein viktig ressurs som leveområde for villreinen i Reinheimen - Breheimen villreinområde sjølv om området i dag er lite brukt.
- Det er ønskeleg at Reinheimen - Breheimen villreinområde vert med i det nasjonale overvakingsprogrammet for hjortevilt.

Miljødirektoratet sendte deretter fylgjande melding til FM Trøndelag:

Hei!

I henhold til naturmangfoldloven § 15, 1. ledd siste punktum framgår at unødig jaging av vilt skal unngås. I forvaltningsplanen for Reinheimen NP er det fremhevet at der det oppstår konflikt mellom villrein og tamrein i forhold til muligheter for sammenblanding, så kan det være aktuelt med jaging av villrein. En grunnforutsetning for dette er at det er tett dialog mellom villreinutvalg og tamreinlag, samt at dette følges av SNO og at jagingen skjer i samsvar med hensynet til god dyrevelferd.

Tamreinlaget må derfor etablere kontakt mot villreinutvalg og SNO før eventuell jaging finner sted.

Med hilsen

Erik Lund

Seniorrådgiver, viltseksjonen



Miljødirektoratet i Trondheim

Telefon: 03400 / 73 58 05 00

Mobil: 920 89 834

www.miljodirektoratet.no - www.miljostatus.no

SNO fylgde opp med fylgjande melding:

Vi viser til mail datert 21.03.19 kl. 09:41 fra Erik Lund i Miljødirektoratet.

Dersom det blir aktuelt å jage villrein ber vi om tamreinlaget varsler Øyvind Angard (mob. 91733365) eller Esben Bø (mob. 95722733) før jaging, - eventuelt rett i etterkant dersom det ikke er telefondekning i området (sms kan også benyttes).

Etter at tamreinen er flytta fra Lomsegg-området skal tamreinlaget sende logg over eventuelle jager av villrein. Fra loggen skal følgende framgå:

- Dato og klokkeslett
- Sted
- Hvor langt og i hvilken retning
- Ca. antall villrein

Vi ber om at denne mailen videresendes Lom tamreinlag med kopi til undertegnede.

Mvh

Esben Bø

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

17


-naturoppsyn Miljødirektoratet-

Innstilling: Villreininteressene ved utval og/eller nemnd bør opprette/vidareføre dialog med Lom tamreinlag om korleis ein kan redusere risiko for samanblanding av villrein og tamrein.

Vedtak: Villreininteressene ved utval, nemnd, SNO, nasjonalparkforvaltar i Breheimen, tamreinlag, FM Møre og Romsdal, FM Trøndelag v/reindriftsavdelinga og gjerne Miljødirektoratet skal opprette/vidareføre dialog om korleis ein kan redusere risiko for samanblanding av villrein og tamrein. Gjerne i tilknytning til andre møte i juni eller august.

11. Søknad om bygging av dagsturhytte ved Bisberget i Skjåk – Skjåk Turlag

Skjåk Turlag ynskjer å føre opp ei enkel dagsturhytte på Bisberget i Skjåk. Lokaliteten ligg like under sjølve toppen av Bisberget (ca 1080 moh), og ligg litt under eigedomsgrensa til Skjåk Almenning. Plasseringa er vist i karta under:



Det er turstigar som går i nærleiken med åtkomst frå Bismo. Lokaliteten ligg i innanfor nasjonalt villreinområde og eventuell bygging må derfor bli vurdert iht regional plan for Ottadalsområdet. I planen er dette området sone A3: «Nasjonalt villreinområde der friluftssyn tilseier at det kan gjerast tilretteleggingstiltak». Hovudtrekk i retningsliner for sona: «Viktig friluftsområde sør for Aursjoen i Skjåk der stigar og installasjonar skal kunne haldast ved like, men der det bør visast varsemd ved utviding av stignett og oppføring av nye installasjonar».

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen


19

NINA Rapport 643 «Villreinen i Ottadalen» brukar omgrepet fokusområde om geografiske område der det i større eller mindre grad kan vera brukarkonfliktar med ulik problematikk knytt til reinens behov: Følgjande er skrive om **Fokusområde Bispberget:**

Tangen som er avgrensa av den regulerte Aursjoen i nord og Aursjøvegen i vest har tidlegare vore ein trekkveg aust-vest. Etter kraftutbygginga i 1965 vart dette trekket sterkt avgrensa på grunn av dammen og røyrgata i aust. Området er heilårsbeite for reinen, men har vore lite brukt som vinterbeite sidan midt på 1990-talet.



Aursjøvegen som går til dammen i austenden av vatnet er open for ferdsel i sommarhalvåret. Dette er einaste opne vegen inn på nordfjellet i Skjåk og er derfor mykje brukt. Det ligg fleire fiskebuer langs Aursjoen, men få på sørsida. Det er parkeringsplassar langs vegen med toalett både i aust- og vestenden av vatnet. Det er anlagt ein kultursti frå allmenningshytta austover til Flåtåtjønn som blir brukt i perioden juni-oktober. Det er mange tjønner på Bispberget som blir brukt til magasin for vatningsanlegg og med vassvegar som går sørover og ned i bygda. Området kan nåast lett frå vegen, og det vart freda for jakt i 2011 og inntil vidare på grunn av stort jaktpress og avgrensa fluktvegar for reinen.

Ut i frå dei retningslinene som er gjeve bør ein vurdere kva effekt bygging av dagsturhytte vil ha på ferdsla i området før ein eventuelt gir løyve. Sjølv hytta blir liggjande heilt i sørkanten av sone A3. Den er teikna til 5,72 m² og har ikkje rom for overnatting. Ei slik hytte vil ofte trekke til seg ein del folk og det blir ein del menneskeluft i området. Det kan påverke arealbruken til villrein. Sidan dagsturhytta ikkje har rom for overnatting vil den neppe føre til at folk går lengre innover i villreinområdet enn dei har gjort tidlegare. Slik sett vil den kanskje ha avgrensa effekt på villrein. Men det vil vera negativt for villrein om denne hytta blir eit trekkplaster slik at det blir mykje auka trafikk her. På ei anna side er det kanskje betre for villrein om folk går frå bygda og opp til denne dagsturhytta, enn at dei køyrer til Aursjoen og startar turen frå der. Mest truleg vil denne hytta generere mest trafikk frå bygda der ein altså det meste av turen går utanom villreinområdet.



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

20



Vedtak:

Villreinnemnda er positive til oppføring av dagsturhytta men ynskjer at det skal bli stilt vilkår for oppføringa for å ta omsyn til villreinen. Ynskjeleg at dagsturhytta skal få besøk via stigen frå Bismo. Ferdsla vidare nordover mot Aursjoen bør bli redusert.

Vilkår:

- Fjerne den merkinga som går opp på Skamsarkampen (den delen som er markert med gult i kartet over).
- Fjerne den merkinga som går frå Bispperget til Einingstjønn (den delen som er markert med gult i kartet over).
- Redusert tilrettelegging elles i området.

12. Neste møte i nemnda


Innstilling: Fagdag Dombås i juni 6.-7. juni.
(Dagmøte i juni utgår)
Dagmøte med info om CWD-kartlegging i august, evt samtidig med oppsynsmøtet og evt møte med tamreinlaget?
To-dagarsmøte i sept/okt med synfaring og møte på Sognefjellet / overnatting Jostedalen / Styggevatnet
Datoar kjem seinare.

13. Eventuelt Kandidat til Villreinnrådet

Både nemnd og utval er positive til at vårt område bør ha ein representant i villreinnrådet. Det er ynskjeleg å få ei dame inn i villreinnrådet. Nemnda sender over vårt forslag til utvalet. Om dei ikkje har eigen representant, vil dei støtte vår kandidat.

Vedtak: Forslag om at Randi Rust blir representant i villreinnrådet frå vårt område.
Einstemmig vedteke.

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær